



## Saksframlegg

Utval	Utvalssak	Møtedato
Formannskapet	08/86	10.12.2008

## Reguleringsplan - Søkjar 3D Arkitekter - Vest-Telemark Museum - Eidsborg - Førstegangshandsaming

### Vedlegg:

- 1 Planbeskrivelse
- 2 Reguleringsføresegner
- 3 Plankart

### Saksgang:

Formannskapet, fast utval for plansaker  
2.gangs handsaming i planutvalet  
Endeleg vedtak i kommunestyret  
Kunngjering av vedteken plan

### Saksutgreiing:

Det vart varsla oppstart reguleringsarbeid for Vest-Telemark Museum og Eidsborg Stavkyrkje i november 2007. Målet med planen er å få til ein heilskapleg plan for området, der det mellom anna skal lagast ny avkøyrsløse frå rv45 og eksisterande museumsbygg oppgraderast. Arealet er pr i dag vist som LNF for spreitt busetting, og er eit område der kulturlandskapet er svært viktig.

Avkøyrsløse til museumsområdet er pr i dag ikkje velegna for større køyretøy, og bygdeveg til private bustader går gjennom museums-tunet. Det er difor ønskjeleg med ny avkøyrsløse, og å få lagd bygdevegen utanom museumsområdet. Statens vegvesen stiller seg positive til dette.

Det vil bli opparbeidd større parkeringsareal, opparbeiddast ny tilførsleveg til museumsbygg, og eksisterande vegar vil omgjerdast til gangvegar.

*Jamnfør plankartet utgjør Allmennyttig busetnad, museum, BAM 1 og BAM 2, heile museumsområdet forutan vegane i området. Pr i dag er størstedelen av BAM 1 og BAM 2 landbruk/kulturlandskap, der museumet utøvar drift for å vedlikehalde kulturlandskapet. I det området vert regulert til Allmennyttig busetnad, museum vil all framtidig utbygging på området vere i tråd med plan. For å ta vare på dette viktige*

*til Allmennyttig busetnad, museum/LNF.*

Det er gjennomført arkeologiske registreringar, med funn av kokegrop og kullhaldig struktur. Det er lagt inn to områder for bevaring, og ytterlegare to er i konflikt med planlagde vegtrasse` og det søkjast dispensasjon for utgraving hjå Riksantikvaren.

**Rådmannen si tilråding:**

Jf pbl § 27-1 og 2 vert reguleringsplan for eigedomen Nordgarden Nordre, Gnr 105, Bnr 2, lagt ut til offentleg ettersyn.

*Til 2.gangs handsaming skal delar av BAM 1 og BAM 2 få delt føremål til Allmennyttig busetnad, museum/LNF for å synleggjere at det her er kulturlandskap i drift.*

**Saksprotokoll i Formannskapet - 10.12.2008**

Kjetil Fulsås fremma fylgjande framlegg om nytt avsnitt i tillegg til Rådmannen si tilråding:

Regulanten må taka kontakt med andre interessentar i vegen og omtale vegstandarden i planen før planen kjem til 2. gongs handsaming.

Rådmannen si tilråding med Kjetil Fulsås sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

**Vedtak**

Jf pbl § 27-1 og 2 vert reguleringsplan for eigedomen Nordgarden Nordre, Gnr 105, Bnr 2, lagt ut til offentleg ettersyn.

*Til 2.gangs handsaming skal delar av BAM 1 og BAM 2 få delt føremål til Allmennyttig busetnad, museum/LNF for å synleggjere at det her er kulturlandskap i drift.*

Regulanten må taka kontakt med andre interessentar i vegen og omtale vegstandarden i planen før planen kjem til 2. gongs handsaming.